



Kulturdepartementet

Innspel til revisjon av retningslinjer for spelemidler til idrettsanlegg.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til å forenkle ordninga. Dette kan effektivisere arbeidet for alle tre forvaltningsnivå, stat, fylkeskommune og kommune, og frivillig ektor. Det er positivt at omsynet til frivillig sektor sin ressursbruk i kontakt med det offentlege vert vektlagt. Det er ein balanse mellom forenkling og minimumskravet for dokumentasjon av idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for å sikre at det det vert bygd gode, føremålstenlege anlegg som skal dekke innbyggjarane sine behov og konkurransekrev i idrettar. Endringane kan medføre mindre arbeid for fylkeskommunen på nokre område og meir på andre. Meirarbeid er knytt til at fylkeskommunen får tydlegare rolle i behovsvurderingane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har elles følgjande innspel med kommentarar til endringar:

Utøve skjønn og dispensere i tinglysing av eige- og leigetilhøve:

Det er rett utvikling at fylkeskommunane får meir handlingsrom til både å utøve skjønn i ulike problemstillingar og kunne dispensere i tinglysing av eige- og leigetilhøve for anlegga. Fylkeskommunane har høg kompetanse og mykje lokalkunnskap til gjere desse vurderingane.

Avvikling av idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning:

Vi støttar avvikling av idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av søknader til nærmiljøanlegg og friluftslivanlegg. Søknadane bør likevel omtale korleis kravet til universell utforming er ivareteke og tenkt løyst.

Når det gjeld ordinære anlegg, ser Sogn og Fjordane fylkeskommune det som uheldig om krav om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning fell vekk. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning sikrar anlegg tilstrekkeleg kvalitet før byggearbeidet startar. Det er viktig å halde oppe og utvikle den kompetansen kommunane og frivillig sektor i Sogn og Fjordane har i dag på førehandsgodkjenning. Det vil i også vere positivt at kommunane vil få spelemiddelsøknader i to runder, både ved søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning og som byggesak, ettersom desse behandlar ulike tilhøve ved prosjekta.

Alternativet er å sjå føre seg at idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning vert del av ev. byggesak. Dette for å sikre kvaliteten på anlegget.

Kulturdepartementet har i dag ansvar for idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for symjeanlegg. Det er få slike søknader på landsbasis årleg, og det vil vere krevjande for kommunane å ha spesialkompetanse på symjeanlegg. Vi ser det ut frå dette som føremålstenleg at Kulturdepartementet framleis har dette ansvaret.

Avvikling av kommunal garanti

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar forslag om avvikling av kommunal garanti.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Assisterande fylkesdirektør

Atle Skrede
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi: Hovudutval for næring og kultur